



Det var Marias kveld i Uskedalen

Hvis ein reknar også surnadøl som eit eige språk vart det sunge på 7 språk i lokala til KV i kveld.

Korkafeen med basar som Røysterett for alle inviterte til vart svært vellukka.

Den vart enda meir vellukka enn venta fordi akustikken er utruleg god i andre høgda i det som før var AFA. Arrangementet måtte flyttast dit på grunn av renoveringa av kjøkenet i Helgheim.



Amalie song

Utan å nedvurdera nokon må det vera grunn til å slå fast at dette framfor alt var Maria Malmsten sin kveld.
* Ho dirigerar framleis både Røysterett for alle og Rosedal Songlag, som var gjester.
* Ho presenterte 2 av dei lovande jentene som er elevane hennes. Det var Åshild Røsland frå Husnes og Amalie Fjell Helleland frå Omvikdalen.
* Ho sytte til og med for taffelmusikken under kaffeøkta.
* Ho hadde komponert fleire av songane som vart framført og som var henta frå den mektige korsyklusen frå fjor haust.



Rosendalkoret takkar for applaus

Det var ein eigen basarbolk der inntekten gjekk til korets vanlege drift, men songen dominerte den vellukka kvelden som vart leia av den nye leiar Haldor Tveit.

Rosendalkoret stilte med berre 16 men kjem opp i ein bemanning på 23 når det 16. mai reiser til Latvia på femdagarstur. Då har dei også supplert med tenoren Oscar Langballe frå Røysterett for alle.



Røysterett for alle syng i KV-lokala

I sin bolk ikveld imponerte dei spesielt med ein latvisk song som nok kjem til å gjera inntrykk på vertskoret Askana som også Uskedalskoret har hatt tett samband med.

Hovudvekta var imidlertid lagt på renessansesongar som dirigenten elsker. Repertoaret hadde store sprang der koret la for dagen stor musikalsk spennvidde. Dei framførde også ein negro spiritual. Både dei og den eine eleven song Vårsøg utan at vi tør å seie kven som var best.



Oscar Langballe øverst til venstre fra Uskedalen syng på Rosendalkoret i Latvia

Vertskoret som no har 32 aktive songarar nådde opp mot sitt aller beste og framkalte tårar i augekroken med Taubes Så skimrande var aldrig havet. Vi kan ikkje hugse nokon betre tolking av det mange meiner er nasjonalskaldens beste song.

På repertoaret sto 3 av syklus-songane og det svingar betre av dei for kvar konsert.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ashild song